

Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:

Troms	Sogn og Fjordane	Aust-Agder
Nordland	Hordaland	Telemark
Nord-Trøndelag	Rogaland	Buskerud
Sør-Trøndelag	Vest-Agder	Oppland
		Hedmark

Leiar: Per-Gunnar Sveen
Postadr.: Fylkeshuset, 2325 Hamar
Tlf. 62544903, Mobil: 95829112.
E-post: per.gunnar.sveen@hedmark.org
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.
Tlf. 57884719. Fax 57884701.
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 13.06.2012

Olje og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033, Oslo

Postmottak@oed.dep.no


Vedkomande høyring forskrift Energifondet

Det vert vist til høyringsbrev dgs. 20.04.2012. Av materialet går fram at departementet vil redusere enova-avgifta til næringskundar. Grunngevinga er at verksemdar med stort energiforbruk synest å få ei stor byrde med dagens ordning.

I høyringsuttale dgs. 21.09.2009 til endringar i energilova, gjekk Samarbeidande kraftfylke inn for å fjerne enova-avgifta. Grunngevinga var at enova-avgifta ikkje har noko med kostnader i kraftnettet å gjere. Kraftfylka sitt syn at Energifondet i det heile ikkje bør finansierast gjennom nettleiga, verken for næringskundar eller hushaldningar.

Med bakgrunn i ovanståande, har ikkje kraftfylka merknad til at industrien får lette i enova-avgifta, føresett at dette ikkje fører til auka kostnader for dei andre abonnentane. Kraftfylka vil oppfordre myndighetene om på sikt å vurdere andre måtar å finansiere Energifondet på enn ved eit påslag på nettarriffen.

Med vennlege helsing
Samarbeidande kraftfylke



Per-Gunnar Sveen
Styreleiar